

Fiskeri-og kyst departementet

Postboks 8118 Dep

0032 Oslo.

e-post: [postmottak@fkd.dep.no](mailto:postmottak@fkd.dep.no)

### **Høyringssvar vedkommande - Høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden.**

Det er brei enighet innan forskning og forvaltning om at situasjonen for dei ville bestandane av laks og sjøaure i Hardangerfjordsystemet er sterkt urovekkande. Det er difor avgjerande viktig at det snarast kjem på plass ei forskrift som beskriv eit nytt forvaltningsregime som samsvarar med Regjeringa sine mål i «Strategi for ei miljømessig bærekraftig havbruksnæring».

Forskrifta vil også vera viktig for gjennomføringa av «Nasjonalt pilotprosjekt i Hardangerfjorden for strakstiltak for vill laksefisk». Pilotprosjektet er eit samarbeidstiltak mellom forvaltning, forskning, oppdrettsnæringa, villfiskinteressene og kommunane i området.

Sidan frysvedtaket i 2008 og fram til no er det gjennomført ei rekke undersøkingar som bekreftar at problema med både lakselus og røming er langt unna måla i Regjeringa sin bærekraftstrategi.

Me er sterkt i tvil om dei føreslegne tiltaka i forskriften vil vera tilstrekkelig til å stansa den negative utviklinga, og langt mindre betra tilhøva. Ei vidareføring av dagens produksjonsnivå på 50.000 tonn vil etter vår mening ikkje vera eit tilstrekkelig tiltak som bidreg til monaleg betring, eller til å nå måla bærekraftstrategien.

Ut frå erfaring veit ein at 50.000 tonn ståande biomasse i dette fjordsystemet medfører ei lusebelastning og rømingsfare som er langt større en kva villfisken tåler.

Fiskeridirektoratet sin rømingsstatistikk som framgår at høyringsbrevet er feil. At det ikkje er meldt om rømingar frå næringa, står i sterkt kontrast til kva som er dei faktiske tilhøvet og som me opplever i vår elv. Heilt konkret vart det hausten 2012 i kilenot i fjorden, og ved utfiske og telling i elva registrert 450 rømd oppdrettslaks. Fisken var av ulik størrelse og tyder på fleire rømingshendingar. Det er grunn til å merka seg at dette er gjenfangst berre i vår vesle del av Hardangerfjordsystemet. Det er også grunn til å merka seg at gjenfangsten er rapportert både til Fiskeridirektoratet og Mattilsynet.

Det vil vera feil å hevda at rømingssituasjonen er betra ved å visa til prosentvis nedgang av oppdrettslaks i registreringane frå elv, når ein veit at ein vesentleg årsak er større innsig av villaks.

Hardanger og Sunnhordlands området har ein langt over hundreårig tradisjon som reisemål der naturoppleveling og eit rikt sjøaure og laksefiske har stor betydning. Denne resursen er me no i ferd med å missa. Grunneigarar, reiseliv, handel og sevis vil då missa ei viktig inntektstjelde.

Som døme kan me visa til at i 2009, før Etneelva vart stengd for fiske, hadde me eit fiskekortsalg på 1,3 mil. kroner. Ved å leggja berekningar frå Norges Skogeigarforbund, Innovasjon Norge og Reiselivsbedriftenes Landsforening til grunn, er verknaden av sportsfiske for vår bygd om lag 5 mill. kroner.

Situasjonen for Etnelaksen er usikker, og dersom ikkje vilkåra for villaksen betrar seg, kan me ikkje sjå bort frå at elva på ny kan verta stengd. Dei økonomiske verknadene av ei stenging er tydelige for eit lite bygdesamfunn.

Det er avgjerande viktig snarast å få på plass eit forvaltningsregime som i tilstrekkelig grad tek omsyn til sjøaure og villaks i heile Hardangerfjordsystemet.

Me viser til, og støttar innhaldet i det grundige høyringssvaret frå Norske Lakseelver.

Etne, 22.3.-13.

Helsing

Etne Elveigarlag

Vidar Børretzen

Form.